

Årsmelding Hyen IL 2023



Juleavslutninga til
handball



Akekveld på Dalheim



walcon



INNHALD:

• SAKLISTE FOR ÅRSMØTET	1
• TILLITSVALDE 2023	2
• HELSING FRÅ LEIAREN	3
• ÅRSMELDING FRÅ STYRET	4
• ÅRSMELDING FRÅ IDRETTSSKULEN	5
• ÅRSMELDING FRÅ TRIMGRUPPA	6
• ÅRSMELDING FRÅ FOTBALLGRUPPA	7
• ÅRSMELDING FRÅ SKIGRUPPA	8
• ÅRSMELDING FRÅ FRIIDRETTSGRUPPA	9
• ÅRSMELDING FRÅ HIL-GYM-GRUPPA	10
• ÅRSMELDING FRÅ SPINNINGGRUPPA	11
• ÅRSMELDING FRÅ HANDBALLGRUPPA	12



Kapittel 1

SAKLISTE ÅRSMØTE HYEN IDRETTSLAG 2023

Årsmøtet for Hyen Idrettslag blir torsdag 29. februar 2024 kl. 19.30
i Hyen Samfunnshus

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereclar
3. Val av møtelear, referent, og to personar til å underskrive møteprotokoll
4. Godkjenning av årsmelding frå styret og gruppene
5. Godkjenning av rekneskap
6. Drøfte medlemskontingenten
7. Budsjett for 2024
8. Saker frå styret og medlemmane
 - 8.1. Forslag frå styret i HIL. Endring av organisasjonsstrukturen i Hyen Idrettslag.
9. Val

Kapittel 2

Tillitsvalde i Hyen Idrettslag 2023

ARBEIDSUTVAL

Hanna Ommedal Aa
Marit Straume
Alf Erik Røyrvik
Ragnhild Vårdal

Årstal valde inn

leiar	2015
nestleiar	2014
kasserar	2022
idrettsskulen	2020

FRIIDRETTSGRUPPA

Even Rønnekleiv
Hilde Aa
Gry Therese Nesse
Olav Marius Aa
Marius Rygg

leiar	2018
	2008
	2017
	2016
	2016

SKIGRUPPA

Anne Berit Selle
Øyvind Sæther
Tore Sæten
Geir Kjetil Aa Hope
Erik Ommedal

leiar	2016
	2018
	2013
	2017
	2016

FOTBALLGRUPPA

Anders Ommedal
Åsmund Ommedal
Ola Alexander Lilloe-Olsen
Kjartan Aa Berge

leiar	2022
	2008
oppmann sn	2022
	2017

SPINNINGGRUPPA

Anne Hjorteset
Olaug Katrin Holme
Marianne Sårheim

leiar	2021
	2012
	2022

HANDBALLGRUPPA

Synne Marie Oppheim
Magni Aa Berge
Gry Therese Nesse
Inger Mari Akse

leiar	2021
	2022
	2022
	2022

TRIMGRUPPA

Kirsti Meyer Hope	leiar	Lenge
Judit Aa		Lenge
Anton Aa		Lenge
Jakob Rønnekleiv		Lenge
Alf Erik Røyrvik		2018
Jan Arve Heimsæter		2014

IDRETTSSKULEN

Ragnhild Vårdal	leiar	2020
Lukaz Rogalewski		2020
Inger Mari Akse		2016

HIL-GYM-GRUPPA

Ida Kristine Eikenes	leiar	2023
Lukasz Rogalewski		2023
Andreas Ommedal Aa		2023
Torstein Straume		2023

KONTROLLUTVAL

Solbjørg Holme Moen
Ole Matias Aa

REPRESENTANTSKAP TIL HYEN SAMFUNNSHUS

Hyen IL stiller med tre representantar. Sidan alle i styret i HIL
også sit i styret i Hyen Samfunnshus,
får styret i HIL mandat til å finne sine egne
vararepresentantar

VALNEMND

Mariusz Lewcowich	leiar	2020
Lukasz Rogalewski		2021
Anne Kristin Eimhjellen		2022
Margrethe Beate Mjellem		2023

Kapittel 3

HELSING FRÅ LEIAREN

Eit år går rasande fort og det vart plutselig tid for å skrive nokre få ord etter eitt år som leiar i HIL. I år har styret teke vidare diskusjonen om organisasjonsplan frå førre årsmøte. Vi har sendt ut forslag til alle undergruppene våre, og har fått tilbakemelding. På organisasjonsplanen vår har vi ikkje mindre enn 40 namn; dette er svært mange for eit idrettslag med færre enn 350 medlemmer. Vi meiner det kan vere lurt å setje ein fot i bakken med jamne mellomrom og tenkje på om ein kan samarbeide betre og meir effektivt i nye gruppekonstellasjonar. Styret i idrettslaget ønskjer også å utarbeide ei oversikt over oppgåver for dei ulike undergruppene i nært samarbeid med gruppeleiarane.

I styret i år har vi også brukt ein del tid på å lære oss og bruke KlubbAdmin-systemet, som regulerer både medlemsregistrering og faktureringsdelen, meir effektivt. Dette vil forhåpentlegvis gjere delar av styrearbeidet mindre tidkrevjande. Vi har ei lita bøn til datakyndige medlemmer: Er det nokon av dykk som vil hjelpe oss med å forbetre heimeside vår? Berre ta kontakt med ein av oss i styret 😊.

Dette året har eg vore delvis vekependlar til Sunnfjord, og det har minna meg på fleire ting. Først og fremst på kor viktig det er med felles møtepunkt og kor utruleg gode tilbod Hyen har når det kjem til idrett. Vi er ei lita bygd med ikkje så mange hundre innbyggjarar, men likevel har vi eit svært variert og godt idrettstilbod. Dette er takka vere alle dykk som stiller opp som trenarar både for den yngre garde og for dei som har mykje livserfaring. Tusen takk til alle dykk som stiller som instruktørar både i idrettskule, handball, på løpstrening, på basisball, på zumba, på styrketrening, på dame- og gubbetrim, på sterk-og-stødig, som spinninginstruktørar og løypekøyrarar både på Høgdene og i Aastøyls- og Gjengedalsmarka! Takk også til dykk som gjer unna arbeidet med sjølve drifta og administrasjon. Dette er arbeid som ikkje er så lett å sjå, men som er heilt nødvendig for at eit lag skal fungere. Eit lite idrettslag er heilt avhengige av dykk som brukar av fritida dykkar for å lage eit godt tilbod både for unge og eldre i Hyen. Tusen takk også til resten av styret for god innsats gjennom dette året.

Vi lever i ei «dyrtid», og då er det ekstra fint at vi i idrettslaget har så romsleg økonomi at vi kan halde nede både medlemskontingent og treningsavgift.

Her spelar også gode sponsorar ei viktig rolle. Det bør ikkje vere familieøkonomien som avgjer om ein kan ta seg råd til å delta på sportlege aktivitetar verken som born eller vaksne.

Idrett er ein viktig arena for å halde seg friske og kjenne på meistring. Folkehelseperspektivet med å lære seg og like å vere fysisk aktive og kjenne glede over å ha ein kropp som fungerer, er viktig å lære dei unge.

I Hyen er vi på mange måtar heldige sidan vi er få. Her stiller mange på for å danne lag både i handball, fotball og på terrengstafettar. Samhaldet og idrettsgleda er så langt viktigare enn prestasjonar. Det å ha eit idrettslag der alle kan lære å kjenne meistring på sitt nivå er viktigare enn å vere best. Idretten bør vere ein arena for å skape gode opplevingar og relasjonar. Viss det i tillegg kjem gode prestasjonar er det ein bonus både for enkeltpersonar, men også for idrettslaget.

Med det vil eg ønskje dykk eit framleis godt treningsår!

Hanna Ommedal Aa

Kapittel 4

ÅRSMELDING FRÅ STYRET

I år har vi oppretta eit skylagringsystem for idrettslaget sidan vi har erfart at det er vanskeleg å finne att gamle avtaler; alt frå sponsoravtaler, leigeavtaler samt dokument i forhold til ulike innkjøpt utstyr osv. Vi håpar at dette kan vere med å lette arbeidet også for komande styre i idrettslaget.

Styremøte

I 2023 hadde vi 5 ordinære styremøte der heile styret har vore samla. I tillegg har vi hatt mykje kommunikasjon internt via vår eiga messenger-gruppe. Styret har handsama totalt 24 saker. I tillegg har vi hatt to styremøte der samtlege gruppeleiarar vart innkalla; i desse møta var vi gjennom 8 saker. Styret har også hatt kurs over teams om systemet KlubbAdmin med ein representant frå Vestland idrettskrets. I tillegg har styret også vore samla ved enkelte praktiske oppgåver i samband med innkjøp av diverse utstyr og ulike arrangement som til dømes Friluftshelga.

Aktivitet

Vi viser her til gruppene sine eigne årsmeldingar seinare i den samla årsmeldinga.

Idrettsstipendet

Idrettsstipendet for 2023 vart ikkje delt ut. Dette skuldast rett og slett manglande kandidatar i rett alder. Vedtaket om ikkje å dele ut idrettsstipendet dette året vart gjort i samråd med Arnfinn Brechan. Her vil vi berre oppfordre medlemene våre til aktiv trening og konkurransar framover.

Gymsal og basseng

Aktiviteten i gymbygget går sin gang om lag som føregåande år. Som tidlegare varierer tal deltakarar på dei ulike treningane, men jamnt over er det bra oppmøte. Nytt av året er at det også er tilbod om basisball. I gymsalen er det «måndagstrening» (utetrening og styrkedel inne), frisk og stødig-trening for dei godt vaksne, dame- og gubbetrim (gymsal / vektrom / basseng), basisball, zumba, idrettskule, styrketrening på fredagar og ballidrett på laurdag. Vi er heldige å ha vatn i bassenget om lag seks månader i året, så i dei månadane dette er ope er det også tilbod om symjing.

Vektrom og spinning

Desse aktivitetane er vel kanskje dei mest populære tilboda vi har i idrettslaget. I 2023 var det totalt 150 medlemmer som betalte treningsavgift for vektrommet. For å gå på spinning treng ein kun å betale den årlege medlemskontingenten i idrettslaget, medan ein i tillegg må betale ei treningsavgift for å nytte vektrommet. Denne treningsavgifta er for ungdomsskuleelevar og fram til og med 16 år kr 200, og for alle frå og med det året dei fyller 17 år er treningsavgifta på kr 500 årleg.

Viss ein ønskjer å bruke desse tilboda utan å vere medlem / ha betalt treningsavgift, kan ein vippse 50 kr per gang til Hyen idrettslag (oppslag på dørene inn til vektrommet og til spinningrommet).

I vektrommet har HIL tidlegare leigt inn kommunal vaskehjelp til å reingjere 1 – 3 gonger i veka. Frå og med desember 2023 leiger vi inn Eirik Rønnekleiv som i tillegg til reingjering også utfører naudsynt vedlikehald på utstyr i begge romma.

Idrettsbasaren

Søndag den 12. november var det igjen klart for den viktigaste dagen i året for idrettslaget, nemleg Idrettsbasar. Etter ønskje frå bygdefolk vart basaren igjen lagt til ein søndag kl 14. Idrettsbasaren i 2023 gav godt oppmøte. Særdeles mange gavmilde privatpersonar og firma i heile Gloppen gav oss flotte gevinstar, så trekkinga tok tid. I år hadde vi også digital loddbok på hovudgevinstane. Årets idrettsbasar gav eit svært godt resultat med eit overskott på over 100.000 kr! Tusen takk til alle som hjelpa til under basaren, til alle som støtta oss med store og mindre gevinstar, baka kaker og ikkje minst opna lommeboka. Ei ekstra takk til Judit Aa som gjer ein svært viktig jobb i samband med denne basaren!

Årsrekneskap

Rekneskapen vert gjennomgått i eiga sak på årsmøtet. Kort oppsummert kan vi seie at vi har ein solid økonomi. Vi går med eit høveleg overskot takka vere gode inntekter frå medlemskontigent, basar og ulike typar støtte frå det offentlege og idretten. Vi har og fokus på å kutte kostnader der vi kan. På den måten kan vi halde eit høgt aktivitetsnivå utan å måtte auke kontingent og treningsavgift, og samstundes legge oss opp ein buffer til framtidige invisteringar.

Samarbeidsavtale med Intersport Sandane AS

I november 2023 signerte idrettslaget ei samarbeidsavtale med Intersport AS. Denne avtala inneber at medlemmane våre får 20 % rabatt på klubbsortiment (vi har no t-skjorte og gensar med påtrykte sponsorlogoar; dette sortimentet kan utvidast ved behov). Medlemar får også denne medlemsrabatten på hallsko, joggesko, fotballsko, skadeutstyr, handballar, fotballar, keeperhanskar og baggar.

I tillegg får Hyen idrettslag 3 % salsprovisjon på klubbsortiment og øvrig sortiment så lenge medlemmane har kopla sitt Club Intersport medlemskap til Hyen idrettslag. Spør oss i styret om de lurar på noko!

Idrettslaget skal etter denne avtala gjere alle sin innkjøp av sportsutstyr på Intersport. Alle innkjøp må godkjennast av styret i idrettslaget på førehand.



Medlemstal

Medlemstalet i laget varierer nokså lite, men vi såg i fjoråret ein glødeleg oppgang. I 2023 har vi «vaska» listene og teke vekk dei som ikkje har betalt – så medlemsauken er litt større enn det ser ut til (HIL fekk 40 nye medlemmer i 2023). Vi er svært takksame for alle som ønskjer å vere medlemmer i idrettslaget, anten ein er aktive eller passive. Alle er like viktige. Vi ønskjer å påpeike at alle som deltek på aktivitetar i regi av idrettslaget SKAL vere medlemmar i HIL. Dette skuldast at forsikringa ved skade og ulykke KUN gjeld for registrerte medlemmar.

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
Kvinner	4	12	18	11	95	140
Menn	3	13	24	20	144	204
Totalt	7	25	42	31	239	344

Medlemsutviklinga:

	2019	2020	2021	2022	2023
Totalt	273	301	315	312	344

Sponsorane våre

I år har styret hatt ein gjennomgang av sponsoravtalane. Vi har no teikna nye avtaler med sponsorane våre. Alle møtte oss med stor velvilje og samtlege har auka sponsinga si av idrettslaget. I tillegg vart HIL kontakta av Florø-bedrifta Walcon AS som ønskte å støtte oss med eit stort årleg beløp. Hyen idrettslag har frå november 2023 inngått ei samarbeidsavtale med Intersport Sandane AS. Denne gjev idrettslaget 3 % av salssummen i sponsormidlar når medlemmane våre nyttar Intersport-appen i butikken.

Dei nye kontraktane er gyldige frå 2024, og gjer til at den årlege sponsinga av idrettslaget aukar frå vel 65.000 kr til vel 200.000! Dette er fantastisk for eit så lite idrettslag, så på vegne av Hyen Idrettslag ønskjer vi å seie tusen hjarteleg takk til dykk som sponsar oss.



Kapittel 5

Årsmelding idrettskulen vår og haust 2023

Idrettskulen hadde godt oppmøte heile våren og etter vi sette i gong att i haust. Vi har helde på ordninga at begge gruppene er på same dag, og at det er annankvar gong i bassenget. Gruppene har vore relativt jamne på hausten med på det meste 16 på smågruppa og 14 på storegruppa.

Vi har venta litt på at veret skulle slå til for skileik på hausten, men det har ikkje samarbeidd før på nyåret igjen. Akekvelden på Dalheim i februar var kjempekjekk og hadde godt oppmøte.

Alt i alt har idrettskulen vore ganske sjølvgåande i år og vi har vore innom mykje forskjellige aktivitetar.

Sjølv kor flinke og kjekke foreldra er å stille opp, er det alltid ein kabal kvar haust for å få det til å gå opp utan at det er nokon som er sett opp mykje i forhold til andre. Eg håpar eg får til endring på dette til hausten.

I år har kabalen fungert ganske bra etter at den kom på plass. TUSEN TAKK TIL DEI SOM STILLER OPP!!

Kapittel 6

Årsmelding frå Trimgruppa 2023

Medlemer i gruppa: Jakob Rønnekleiv, Anton Aa, Alf Erik Røyrvik, Jan Arve Heimsæter, Judit Aa og Kirsti Meyer Hope.



Trimåret 2023 har vore prega av god aktivitet i Gymbygget og utandørs i sommarhalvåret, mens vinteraktiviteten har vore noko mindre.



Vinter

Det har vore dalande interesse for trimrenna, så i år har vi ikkje arrangert renn. Nokre har likevel tatt skimerket på arrangementa til skigruppa eller på eiga hand.



Vår/sommar

Vi gjennomførte 6 fellesturar på forsommaren. Frammøtet var varierende, noko som nok kan skuldast vekslande ver. Vi har satsa på at turane ikkje skulle vere alt for krevjande, og at dei ikkje skulle ta meir enn to timar. Det er mange registreringar i Trimbøkene, Her er det også ein del variasjon, men alt i alt er det mange som nyttar seg av den flotte naturen vi har rundt oss.

Det har vore Trimpostar på følgjande stadar:

Solheimstøylen, Utigardstøylen (Eimhjellen), Røyrvikstøylen, Lavesteinen (Hope), Holsstøylen, Mjellemstøylen, Kannarhøgjen (Aastøylen) og Bleieggja (Rønnekleiv), Det var flest registreringar på Solheimstøylen med 338 registreringar! I år er det ingen som er registrert på alle postane.

Gymbygget

Det har vore god oppslutning om treningane i gymbygget. Vi har tilbod om dame- og herre- trim i gymsal, vektrom og basseng. Det er også eit tilbod om styrke/sirkeltrening på fredagane.

Sterk og stødig

Nytt av året er eit tilbod om styrke- og balanse-trening for «godt vaksne». Det har vore populært, så kvar monday kl. 10.00 har gymsalen blitt fylt opp av treningsivrige folk i eit aldersspenn frå slutten av 60 åra til over 90!! (Frammøterekord: 34 stk!)



Kapittel 7

Årsmelding Fotballgruppa 2023

Hyen senior 2023



Hyen sitt A-lag i 6 divisjon var klar for ny sesong. I år stilte vi i ei avdeling på heile 10 lag, noko som medførte totalt 18 seriekampar. Etter mange gode terningar og nokre treningskampar var vi klar for sesongstart 25. april. Sesongen bar preg av mange oppturar og nokre nedturar. Hyen er eit sterkt heimelag, men har trøbla på bortebane. Vi avslutta sesongen med siger 8 - 3 over Stadlandet 10 oktober, i det som kunne betraktast som ein vannpolo kamp. Vi enda på 5 plass med 27 poeng.

I friluftshelga var det ein intern kamp mellom vestre- og austre dalen, mange mål og god stemning. Mykje folk på tribuna og ei flott ramme rundt kampen. Det viser seg å vere vanskeleg å både skaffe motstandar og skaffe nok folk til ein slik ordentleg kamp i friluftshelga, når den kollidera med Malakoff. Takk til alle som stilte på.



Vi har ein flott gjeng med spelarar og vi har klart å stille fyldige troppar i alle seriekampane i år. Totalt har 27 ulike spelarar medverka i 2023 sesongen. Vi har ei fin blanding av unge framandstormande talent og erfarne ringrevar i stallen. Dette er veldig kjekt for årets trenarteam bestående av Anders Ommedal, Øyvind M Solheim, Åsmund Ommedal og Ola Alexander Lilloe-Olsen.

Vi opplever stor engasjement rundt fotballen, både blant publikum og spelarar i laget. Vi meiner det er viktig fotballgruppa legger ned både tid å innsats for å behalde fotball laget i bygda, som eit viktig miljø og eit samlingspunkt.

Takk til alle tar seg tid og bidrar til dette, trenarar, spelarar og publikum.



Statistikk Hyen A-lag sesongen 2023

Plas s	Lag	Kamper	Total				Poeng
			V	U	T	Mål	
1	Stryn 2	18	16	0	2	80 - 21	48
2	Måløy 2	18	13	0	5	61 - 33	39
3	Eid 2	18	11	0	7	41 - 43	33
4	Selje	18	10	1	7	49 - 39	31
5	Hyen	18	8	3	7	46 - 43	27
6	Svelgen/Bremanger 2	18	8	0	10	52 - 54	24
7	Haugen	18	7	2	9	43 - 41	23
8	Hornindal	18	7	2	9	19 - 29	23
9	Stadlandet	18	4	0	14	30 - 80	12
10	Flatraket/Selje 2	18	1	2	15	17 - 55	5

Runde	Dato	Hjemmelag	Resultat	Bortelag
1	25.04.2023	Hyen	2 - 1	Måløy 2
2	02.05.2023	Selje	5 - 0	Hyen
3	09.05.2023	Hornindal	2 - 1	Hyen
4	15.05.2023	Hyen	2 - 3	Haugen
5	25.05.2023	Flatraket/selje 2	1 - 1	Hyen
6	30.05.2023	Hyen	3 - 2	Eid 2
7	06.06.2023	Svelgen/Bremanger 2	7 - 5	Hyen
8	13.06.2023	Hyen	6 - 2	Stryn 2
9	20.06.2023	Stadlandet	3 - 0	Hyen
10	15.08.2023	Måløy 2	4 - 0	Hyen
11	22.08.2023	Hyen	3 - 1	Selje
12	05.09.2023	Haugen	1 - 1	Hyen
13	12.09.2023	Hyen	1 - 1	Flatraket/Selje 2
14	19.09.2023	Eid 2	1 - 3	Hyen
15	26.09.2023	Hyen	7 - 1	Svelge/Bremanger 2
16	03.10.2023	Stryn 2	4 - 0	Hyen
17	06.10.2023	Hyen	3 - 1	Honindal
18	10.10.2023	Hyen	8 - 3	Stadlandet

Årets spelar: Olve Ommedal Teigland
Toppscarar: Olve Ommedal Teigland 12 mål
Assistkongen: Magne Johan Gjengedal 5 stk
Hilstjerna: Vegard Moritsgård 18 stk
100 kampar i Hyedrakta: Ole Jakob Mjellem og Magne Johan Gjengedal

Flest offisielle kampar

Ola Henning Ommedal 355 kampar

Åsmund Ommedal 325 kampar

Hans Otto Holme 248 kampar

Flest mål

Åsmund Ommedal 111 mål

Roger Knutsen Nordal 67 mål

Anders Ommedal 60 mål

Eldste målskorar: Ola Henning Ommedal 48 år og 314 dagar (Haugen heime)

Yngste målskorar: Per Inge Straume 15 år og 103 dagar (Vikane borte)

Eldste spelar: Tor Larsen 53 år sesongen 1999

Yngste spelar: Jon-Ivar Rønnekleiv 13 år og 207 dagar (Hornindal borte)

Flest mål på ein sesong: Jon Bjarne Hope, 15 mål i 2002

Olve Ommedal Teigland kunne tatt Jon Bjarne Hope sin over 20 år gamle rekord med 15 mål på ein sesong. Men ein ferietur til Asia dei tre siste kampane spolerte denne moglegheita. Ola Henning forbetra sin eigen rekord på antall kampar 355 og eldste målskorar 48 år og feira samstundes jubileumet med 350 kampar. Anders Ommedal (60 mål) tok litt innpå Roger Knutsen (67 mål) sin andre plass på toppscararlista.

Ole Jakob Mjellem og Magne-Johan Gjengedal bikka begge 100 kampar for Hyen.

Nils Rygg Storsletten og Bjørn Andre Rørvik skora i år sine fyrste mål for Hyen.

Petja Cink fekk sin fyrste kamp for Hyen og skora sine 4 fyrste mål for Hyen. I tillegg fekk Halvard Eimhjellen, Håkon Holme og Jon-Ivar Rønnekleiv sine fyrste kampar for Hyen.

	Kampar	HIL stj.	Assist	Mål	Total	
					Kampar	Mål
Ola Henning Ommedal	11	1	1	1	355	20
Øyvind Magnus Solheim	3				190	2
Anders Ommedal	8		1	1	173	60
Torleiv Straume	18	5			131	13
Magne Johan Gjengedal	16		6	4	114	34
Ola Andreas Ommedal	15				107	12
Ole Jakob Mjellem	17	9	1	1	107	12
Per Inge Straume	12	9	1	1	91	14
Nils Rygg Storsletten	7	12	2	2	85	2
Vegard Flatjord	15	18	1	6	83	14
Håkon Solheim	8	4	3	4	76	13
Jakob Straume	8	3		2	63	
Brede Seim	3				56	13
Jonas Eimhjellen	9	2	3	2	38	3
Morten Ommedal	17	1	1	2	36	15
Torstein Straume	17	1	2	1	35	2
Kristoffer Ommedal	18	1			34	
Eirik Rønnekleiv	13	16		3	28	8
Olve O. Teigland	12	11	3	12	25	16
Nikolai Ommedal	17				26	
Magnus V Mjellem	14				21	
Bjørn Andre Røyrvik	9			1	18	1
Jon Ivar Rønnekleiv	13				13	
Ole Martin Flatjord	1	1			8	5
Petja Cink	6	9	4	4	6	4
Håkon Holme	1				1	
Halvard Eimhjellen	1				1	

Kapittel 8

ÅRSMELDING 2023 FRÅ SKIGRUPPA

Skigruppa hadde det same gruppestyret både før og etter årsmøtet 8. mars 2023, men det vart bytta leiar:

Erik Ommedal – leiar fram til årsmøtet, hovedansvarleg for trakkemaskin og løypekøyring

Anne Berit Selle – leiar etter årsmøtet

Tore Sæten

Geir Kjetil Aa Hope

Øyvind Sæther

Aktivitet



På etterjulsvinteren i 2023 hadde skigruppa i samarbeid med idrettsskulen 2 skikveldar på Høgdene og ein ski- og akekveld på Dalheim. Til slutt var det ein skikveld med skirenn/lagsmeisterskap kort løype på Høgdene. På Høgdene møtte det 11 barn/ungdom (18 totalt inkl. arrangørar) første gongen, og 2 (6 totalt) andre gongen. Ein skikveld på Høgdene vart avlyst pga streng kulde.

Kvelden på Dalheim var særst vellukka og vi hadde eit flott vindstille vêr utan at det var altfor kaldt. Ragnhild (idrettsskulen) stilte med ved, bålpanne og pølser. Vi hadde varm og kald saft for dei som ville

ha. Det var 3 pers på ski og i overkant av 30 medrekna både barn og vaksne som kosa seg i akebakken.



Lagsmeisterskapet på Høgdene hadde god deltaking, 15 stk, variert alder frå 6 år til 10.kl.

LM lang løype var planlagt på Dalheim, men vart flytta grunna kollisjon med anna aktivitet, og så avlyst grunna vêr/snøforhold. «Hyesprinten» vart ikkje sett på terminlista i 2023.

Jon Rolf Skamo Hope

Året 2023, både etterjulsvinteren, og førjulsvinteren av 23/24-sesongen var prega av at kroppen ikkje greidde det hovudet så gjerne ville.

Ambisjonsnivået måtte bli å gjere det så godt som mogleg i kvart renn utan at pallplasseringar var i sikte. Jon Rolf satsar vidare mot VM i Trondheim i 2025. Vi håpar han greier å bygge seg opp mot det og ønskjer han god helse, stigande form og lukke til med å nå måla sine.

Lysløypa på Høgdene

I haust er det sendt inn søknad om spelemidlar til rehabilitering av lysløypa på Høgdene/Fullskjeggja. Lysa er blitt for gamle til at ein får tak i nye pærer når dei treng utskifting. Ein vil skifte til led-armaturar, rette opp og bytte ut enkelte stolpar, og flytte litt på skåpet der ein slår av og på. Totalkostnaden inkludert verdi av dugnad er ca 760 000 kr, og vi kan få ein tredjedel i spelemidlar. Avtale med grunneigarane er fornya for nye 40 år då dei gamle avtalene om grunn til løype, skileikområde og bygningar går ut denne sesongen. Ei stor takk til grunneigarane for at HIL får leige grunn utan vederlag!



Kapittel 9

Årsmelding friidrettsgruppa

Friidrettssesongen start med innandørsstemne på Sandane og i Florø. Det var litt mindre deltaking frå Hyen enn vi har hatt tidlegare år, men resultata til dei som var med var svært bra.

Stafettar

Tradisjonen tru var vi på plass på terrengstafettane i både Olden og på Breim – begge plassane med eitt gutelag. I Olden vann Hyen etter ein svært spennande stafett der Hyen sprang seg opp frå andre plass, og avgjorde stafetten, på siste etappe. På laget sprang Håkon Holme, Gabriel Aa Berge, Odin Rønnekleiv Oppheim, David Eimhjellen og Alfred Aa Hope.



På Breimstafetten blei Hyen nummer tre bak STIL og Førde. Dette er imponerende med omsyn til at stafetten krev 8 løparar i alderen 11-15 år. På dette laget sprang Jon-Ivar Rønnekleiv, Gabriel Aa Berge, Brage Oppheim Rønnekleiv, Even Gule, Odin Rønnekleiv Oppheim, Halvard Eimhjellen, Alfred Aa Hope og David Eimhjellen.

Banesesongen

Trass i gode resultat på dei lokale terrengstafettane fekk vi ikkje med oss mange av løparane vidare inn i banesesongen. Brage Oppheim Rønnekleiv (G10), Gabriel Aa Berge (G11) og Odin Rønnekleiv Oppheim (G13) var dei som deltok på stemner i aldersbestemte klassar sommaren 2024. I tillegg til lokal stemner var disse også med på Framolekene i Bergen og Tyrvinglekene i Bærum. Med svært avgrensa deltaking på dei lokale stemna er det inspirerende og viktig å reise på nokre større stemner i løpet av sesongen. Gutane frå Hyen hevda seg godt og i Bergen vann Brage 60m og lengde medan han blei nummer to i kule. Gabriel blei, mellom anna, nummer to i lengde. Også Odin deltok i fleire øvingar, men hadde si beste plassering på 600m med ein andreplass. Tyrvinglekene er Norges største gute- og jentestemne, og trass i tøff konkurranse fekk alle gode plasseringar i fleire øvingar. Med omsyn til plassering gjorde Odin det best med 5. plass i A-finalen på 60m og 3.plass i lengde.



Odin Rønnekleiv Oppheim (13) tredje plass i lengde under Tyrvingleikane.

På slutten av sesongen blei Odin teken ut til å representere Sogn og Fjordane under Lerøy-leikane. Lerøy-leikane er ein krinskamp som blir arrangert i parallell tre stadar i landet. På Byrkjelo var det Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Innlandet som konkurrerte. Odin blei nr. 4 i lengde med 4,61 – berre 8 cm bak 1.plass. På 60m lukkast han ikkje heilt og blei nr. 6 på ei tid som var langt bak pers. Det individuelle medaljen

kom, paradoksalt nok, i ei øving Odin ikkje har prøvd før. Med 9,66 blei han nr. 2 i tresteg. I tillegg til medaljen i tresteg var han med å tok bronse på to ulike stafettar. I lagkonkurransen blei Sogn og Fjordane nr. 3 – bak Hordaland og Rogaland.



Odin Rønnekleiv Oppheim (13) hoppar lengde under Lerøyleikane.

Hyen IL arrangerte eit stemne i hopp utan tilløp i romjula 2023. I tillegg hadde vi funksjonærar med under Lerøyleikane på Byrkjelo i september.

Resultat

Beste enkeltresultat i gute- og jenteklassa hadde Odin Rønnekleiv Oppheim (G13) med 8,30 på 60m. Dette er eit strekt resultat og gjev 919 poeng etter Tyrvingtabellen. Odin hoppa også 2,75 i stille lengde i romjula, men dette blir registrert på 2024-sesongen. Resultat er likevel svært godt og gjev 1000 poeng i klasse G-14.

HIL-guten i 2023 blei Brage Oppheim Rønnekleiv (G10) med 2605 poeng, medan Gabriel Aa Berge (G11) blei nummer to med 2355 poeng.

Brage:

Øving	Resultat	Poeng
60m	9,59	894
Lengde	3,54	878
Kule	6,26	833

Sander:

Øving	Resultat	Poeng
60m	9,41	835
Lengde	3,77	844
Kule	6,75	676

Ingen jenter hadde hopp, løp og kast i 2023.

Treningar

Treningane i regi av friidrettsgruppa hausten og vinteren 2023/2024 er:

Måndag 19:30-21:30 → kondisjonstrening og styrke

Torsdag 16:00-17:30 → Hurtigheit og spenst

Oppmøte har vore avgrensa, men vi har trent godt vi som har vore med.

Kapittel 10

Oppsummering om HIL-GYM frå styret 2023

Det er ca 150 medlemmer i HIL som betalar treningsavgift for å nytte vektrommet. Det siste året har det vore nødvendig med vedlikehald av nokre av apparata og vi ser at det er viktig at vi har gode rutinar for dette. No har vi innført at alle apparat skal «tightast» og smørjast minst ein gong i månaden, og at tredemøllene skal smørjast og justerast kvar 3. månad.

Utgiftene på vask som vi har hatt gjennom Gloppen kommune var veldig høge, mellom 80. til 100 000 i året. På grunn av dette har vi gått i minus på vektrommet med den treningsavgifta vi har hatt. Det første grepet vi gjorde var å gå frå vask frå tre til ein gong i veka. Dette reduserte kostnadane ein del. I haust fekk vi forespørsel frå Eirik Rønnekleiv om vi hadde noko jobb. Vi i styret ønskjer gjerne å bruke lokale krefter og var glade for initiativet. Frå 1. desember tok Eirik over reinhaldet av HIL-GYM og spinningrommet. Han vil også ta vedlikehald av utstyr i begge romma.

Dei fleste som brukar vektrommet er flinke til å vaske og rydde etter seg, men vi minner om at alle skal ta på innesko inne i bygget. Uteskoa skal stå igjen oppe. Vi minner også om at alle må vaske over brukt utstyr etter seg.

Vi ser framleis at det er nokre som ikkje melder seg på før dei går på treningsrommet. Dette gir ein del utfordringar til dei som kjem og har meldt seg på . Det er ikkje så kjekt å be den som ikkje har melt seg på, om å gå.

Hugs å melde dykk på før trening på [hyen-il.idrettenonline.no](https://www.hil.idrettenonline.no) Ventilasjonsanlegget i rommet fungerer ikkje optimalt og vi opplever fuktproblem i rommet. Dette er særskilt merkbart på kalde dagar. I tillegg er det store utfordringar med fukt/lekkasje på nokre veggjar. Begge deler er meldt inn til kommunen gjentekne gonger og vi vil følgje det opp vidare.



Kapittel 11

Årsmelding frå Spinninggruppa i HIL 2023

Det har også dette året vore veldig god aktivitet i spinning rommet. I gjennomsnitt mellom 2-4 økter i veka i store delar av året. Hyen Spinning har eiga Facebook side der ein melder seg på, og dette fungerer fint.. Vi har ikkje lagt inn faste økter til eit fast tidspunkt kvar veke, men kan gjere det dersom det er sterke ønske om det. Det har fungert greitt utan sidan vi, Hilde, Magni og Anne har timar såpass ofte.

Syklane nærmar seg 15 år, og vi har følt litt behov for litt meir jamleg ettersyn på syklane. Det ser no ut til å løyse seg ved at Eirik som også har vedlikehald på GYM kan kontaktast for hjelp.

Vi har også hatt nokre økter med litt vask av syklar, smørjing og støvtørk, men spinnarane er bra flinke å vaske/rydde etter seg.

Bilder frå ei økt med fullt hus 👍



Vi startar ofte timen med drøs og snakk

Og sende vårt HIL ei lita takk

Så syklar og spinn vi med ope sinn,

Rihanna, og så Ramstein med tunge trinn.

Det e nesten so kjekt at vi roa finn.

Men so kjem det plutseleg ein knusande beskjed

- skru no enda litt hardare te!



Helsing spinning-gruppa 😊

Kapittel 12

Årsmelding frå handballgruppa

Hyen handball har i sesongen 23/24 hatt eit lag som har spelt i serien gutar 10. Talet på born i kvart kull varierer så vi har søkt dispensasjon for å bruke to 11 års spelarar, samt moglegheiten til å spele med både jenter og gutar, så i praksis er dette eit tilbod for gutar og jenter 9 til 11 år. Laget har spelt mot Åheim, Breimsbygda og Eid. I tillegg har Odin og Ingvar spelt på Sandane sitt gutar 13 og 14 års lag.

Klubbane i kommunen har dialogmøte i starten av sesongen der tema blant anna er samarbeid. I sesongen hadde vi avtale med Breimsbygda i tilfelle to av J9 ville forsøke å spele kamp.

Fristen for påmelding av lag er april kvart år, då må aktuelle spelarar melde interesse for å spele handball til hausten, og handballgruppa vurderer kva lag vi kan få til og kva trening vi har kapasitet til å tilby. Trenarar for G10 laget er Synne Marie Oppheim og Inger Marie Solheim, trenarar for J/G6-8år er Synne Marie og Olexandra Rusnyack, samt Ronja og Brage som får øve som mini hjelpetrenarar.

Hausten 23 starta vi også tilbod for G/J 6-8 år. Her har det vore godt oppmøte, og vi håpar interessen for å spele handball fortset slik at vi kan melde opp to lag i ulike klasser til sesongen 24/25.



Trening og kamp

Vi har hatt ei trening i veka både for dei yngste og dei eldste i gymbygget i Hyen. Hallen er ikkje ideell med tanke på størrelse på bana, men vi har gode fasilitetar og spelarane utviklar seg både teknisk og med god speleforståing - som syner godt igjen når dei spelar kamp.



G10 har spelt tilsaman 14 kampar som har vore avvikla på Sandane, Åheim og Nordfjordeid. Hyen har hatt arrangøransvar for fleire kampar i Trivselshallen, og vi har ein god gjeng med engasjerte foreldre som stiller opp, dette gjeld også som tilskodarar på tribuna. Dette er svært viktig for å skape gode idrettsmiljø.





Felles juleavslutning for begge handballgruppene


Ved handballgruppa

Magni Aa Berge, Gry Therese Hope, Inger Marie Solheim og Synne Marie Oppheim

Sak 8.1 Forslag frå styret i HIL. Endring av organisasjonsstrukturen i Hyen Idrettslag.

Styret i HIL har sett på organiseringa til idrettslaget. Vi har erfart at ein del av drifta vår er litt tungvindt, og vi trur det kan gjerast enklare og meir effektivt. Vi ber derfor årsmøtet om å vurdere å gjere nokre justeringar.

Organisasjonskart



Årsmøtet vel:

- Styre
- Kontrollkomite
- Valnemnd
- Leiar i gruppene

Styret utnemner:

- Medlemmer i gruppene.
Dette vert gjort i samråd med gruppene/gruppeleiarane. Antal medlemmer i kvar gruppe skal i følgje lovnorma vere minst 3, og vert justert etter behov og ønskje frå gruppa sjølv.

Arbeidsoppgåver - felles for gruppene:

- Aktivitetsplan til gruppa
- Ta ansvar for eige utstyr i gruppene; gje melding til styret om innkjøp / større vedlikehaldsjobbar
- Skrive årsmelding for gruppa
- Gje inn forslag til nye gruppemedlemer som blir utnemnd av styret

Handball, friidrett, ski og fotball:

- Registrere alle medlemmer i særgruppa i KlubbAdmin før nyttår

Spinn-Gym-gruppa:

- Kjøpe inn papir og vaskemiddel
- Bookingsystem
- Gje melding til vedlikehaldsansvarleg ved behov
- Syte for at reglar for romma blir overhaldne (ta kontakt med dei som bryt reglane)